



Referansebygg Frislid Industribygg

Bygget

Bygget er reist i flere etappar. I Frislid Industribygg finn vi Nordfjardeid Næringshage (kontor), Europris (butikk) og Frislid Konfeksjon (fabrikk og kontor).

Bygget hadde før ombygging, elektrisk oppvarming og to luftbaserte kjølemaskiner.

Dette er utført

Det er montert vassbore oppvarmingsystem med radiatorar i rom og vassbaserte batteri i ventilasjonsanlegga.

Bygget har fått installert komplett fjordvarmeanlegg bestående av ei 90 kW varmepumpe i kombinasjon med oljekjel som spisslast og reserve.

Det er montert to nye ventilasjonsanlegg som behandlar til saman 37.000 m³ luft/time.



Heile bygget har fått luftkjøleanlegg. Kjølebatteria nyttar direkte kjøling slik at overskytande varme vert levert til fjordvarmenettet.

I tillegg er anlegget klargjort for konvertering til naturgass.




Erfaringar

Utgiftene til oppvarming er dramatisk redusert sidan fjordvarme vart innført.

Inneklimaet har vorte svært godt etter ombygginga. Både leigetakarane og byggeigar Jan Martin Frislid er godt nøgde med resultatet.

Sjølv den varme og solrike sommaren 2006 har temperaturen halde seg fint på 21 grader innandørs. Og det beste av alt: Når du installerer Fjordvarme, får du denne kjølinga tilnærma gratis!



Kjell Rune Gangsø ved Riksheim Consulting AS har prosjektert varme- kjøle- og ventilasjonsanlegget i Frislid Industribygg.

Faktarute

Oppvarma areal:	4.500 m ²
Energi før Fjordvarme ¹ :	285.000 kWh
Energi etter Fjordvarme:	95.000 kWh
Innsparing:	190.000 kWh
Kostnadsreduksjon*:	127.000 kr
Investeringskostnad:	830.000 kr
Stipulert tilbakebetalingstid:	6,5 år

Kontaktpersonar:

Jan Martin Frislid

Kjell Rune Gangsø kjell.rune@riksheim.no

Magne Hjelle magne.hjelle@fjordvarme.no

*Elprisen er sett til kr 1,00 pr. kWh.

¹ Berekna ut frå normal bruk grunna bruksending